# Meland kommune

Astrid Horghagen Tvedt
Gangstøvegen 32
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | 14.08.2019 |
|---|---|---|
| Dykkar: | Astrid Riise | |
| Vår: 18/1572 - 19/17039 | astrid.riise@meland.kommune.no | |

# Avgift avlaup, og vassmålar GBNR. 23/395

Me viser til ditt brev av 17.07.2019.

Det går fram av fakturaene du har betalt hittil i 2019 at du berre er blitt belasta for

«FORBRUK VATN BUSTAD»
«ABN. VATN BUSTAD
«EIGEDOMSSKATT»,

jf. siste faktura nr. 100020992 av 18.06.2019 med gjeldande beløp for perioden 010519-310819 og faktura nr. 100006879 av 25.06.2018, stor kr. 16 265,51.

Dersom du hadde blitt belasta for avgift avlaup, ville det gått fram av teksten på fakturaen. Den ville i tillegg til ovannemde tekst ha innheldt linjene «FORBR. KLOAKK BUSTAD» og»ABN. KLOAKK BUSTAD» med beløp.

Meland kommune kan berre beklage at avgifta for avlaup ikkje er tatt med tidligare, og at du som eigar av næringseigedom, ved ein inkurie, ikkje er blitt pålagt å installera vassmålar.

**FORBRUKSGEBYR**
Næringseigedommar og offentlege verksemder betaler forbruksgebyr basert på faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m3. Forbruket blir målt med installert vassmålar, jf. Gebyrregulativet.

Andre abonnentar betaler etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m3, evt. etter stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m3. Omregningsfaktor for stipulert forbruk [m3/m2] er definert i Gebyrregulativet.

For alle abonnentar gjeld at avlaupsmengd blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 8.

Etter ei vurdering har Meland kommune valgt å krevje inn avgift for avlaup for tre år tilbake, sidan manglande innkreving har vore til din fordel.  Avgift for siste termin 2019 er registrert inn i vårt system.

Med helsing

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Astrid Horghagen Tvedt | Gangstøvegen 32 | 5911 | ALVERSUND |